

NHB VEST AS  
Hagellia 6  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/2731 - 21/22586

Saksbehandlar:  
Christine Erichsen  
christine.erichsen@alver.kommune.no

Dato:  
06.04.2021

## Foreløpig svar - gbnr 24/157 Fammestad

Tiltak: Tomannsbustad  
Byggjestad: Gbnr: 24/157  
Tiltakshavar: Nhb Vest AS  
Ansvarleg søkjar: Nhb Vest AS

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad og saka har saksnummer 21/2731.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sette i plan- og bygningslova med forskrifter. Dersom det er trong for tilleggskommunikasjon vert dette etterspurd i eige brev.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søkjar/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida.

Dersom søknaden krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt (t.d. veg, vatn og avløp), vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke.

| Sakstype   | Tidsfrist |
|--|-----------|
| Søknad om løyve til tiltak etter § 20-3, som ikkje medfører dispensasjon frå plan.   | 12 veker  |
| Søknad om dispensasjon frå plan etter §§ 19-1 og 19-3 eller søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1, 20-3 og 20-4 som krev dispensasjon frå plan. Fristen går ikkje i den tida søknaden ligg til uttale hjå statlege og regionale myndigheter. Frist for uttale er 4 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-5. | 12 veker  |
| Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-2 og 20-3, der tiltaket er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og der det ikkje ligg føre merknader frå naboar   | 3 veker   |

|   |          |
|---|----------|
| /tverrbuarar, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er nødvendig.<br>Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang.<br>For søknad om løyve til tiltak etter § 20-4 gjeld 3 vekerfristen uavhengig av om det ligg føre merknader frå naboar/tverrbuarar.<br>Løyve vert rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang. |          |
| Søknad om rammeløyve og søknad om endring av rammeløyve.  | 12 veker |
| Søknad om igangsetting  | 3 veker  |
| Søknad om ferdigattest der komplett søknad er sendt inn.<br>Dersom fristen ikkje er halden kan byggverket takast i bruk.  | 3 veker  |
| Søknad om mellombels bruksløyve, der komplett søknad er sendt inn.<br>Byggverket kan ikkje takast i bruk dersom fristen ikkje er halden.  | 3 veker  |

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.  
Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått.

### **Regelverk**

- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) kapittel 7, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 21-7.
- Lengre frist kan avtalast, jf. pbl § 21-8.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Christine Erichsen  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
NHB VEST AS

Hagellia 6

5914 ISDALSTØ